



BARNEOMBODET

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	12/00908-2	Ane Gjerde	008;O;BV	13.9.2012

Høyrings svar - NOU 2012:5 Bedre beskyttelse av barns utvikling

Barneombodet viser til høyringsbrevet frå departementet datert 8. mai 2012 om NOU 2012:5 Bedre beskyttelse av barns utvikling.

Innleiing

Barneombodet har gjeve utvalet innspel både munnleg og skriftleg, og vi er no glade for at vi kan kommentere på innstillinga frå utvalet. Vi er nøgde med at utvalet har tatt mange av våre forslag med i utgreiinga.

Utvalet har gjort grundig greie for det biologiske prinsippet i barnevernet. Vi merkar oss at barneperspektivet er gjennomgåande gjennom heile utgreiinga. Det er svært positivt.

Slik vi ser det, har utvalet vore opptatt av at barnevernet skal gripe tidleg inn overfor barn som blir utsette for omsorgssvikt, med mål om å forhindre at problema veks seg større. Hjelpa skal vere så omfattande at foreldra skal kunne gje barnet ein god omsorg. Dette vil forhåpentlegvis føre til at ein ikkje hamnar i ein situasjon der barnet blir skadelidande fordi ein ventar for lenge med å setje inn nødvendige tiltak. Det kan også gjere at ein i endå større grad enn i dag forhindrar omsorgsovertakingar av barn der det kanskje kunne ha vore unngått. Dette er i tråd med FN sin barnekomité sine anbefalingar om å intervenere tidleg for å avverje slike situasjonar.

Utvalet har også vore tydelege på at dersom små barn blir utsette for alvorleg omsorgssvikt, har ein ikkje tid til å vente, og barnevernet må gripe inn i endå større grad enn i dag. Utvalet har hatt fokus på kva slags skadeomfang det gir for barn å bli utsette for alvorleg omsorgssvikt. Barneombodet er glad for å sjå at utvalet presiserar dette, og at dei er tydeleg på at barn ikkje skal bu heime dersom tilknyttinga til foreldra verkar hemmande på utviklinga til barnet

Vidare er det også gledeleg å sjå at utvalet i stor grad har lagt vekt på kor viktig det er at barnevernet har kompetanse om minoritetsfamiliar i mange av anbefalingane. Vi er svært nøgde med den psykologfaglige utgreiinga, og langt på veg også dei barnevernfaglege vurderingane. Barneombodet støttar difor ein rekkje av forslaga som er gitt i utgreiinga.

Kapittel 5 Hjelpetiltak

Utvalet foreslår at det vert presisert i lova at tiltaksplanar skal vere skriftlege, og at ein frist for evaluering vert lovfesta. Utvalet foreslår å opne opp for at Fylkesnemnda skal kunne pålegge fleire hjelpetiltak, og at terskelen for å pålegge tilsyn i heimen vert senka. Utvalet foreslår også å setje i gang ei utgreiing om bruken av samtaleprosess i Fylkesnemnda, og at samarbeidsinstansane til barnevernet vert styrka og får meir kunnskap om utsette barn og unge. Barneombudet støttar desse forslaga. Barneombudet anbefalar at det vert greidd ut korleis ei bestemming om at Fylkesnemnda skal kunne pålegge fleire hjelpetiltak kan utformast og implementerast best mogleg.

Evidensbaserte tiltak

Utvalet foreslår vidare at ein legg til rette for at barneverntenesta skal få tilgang til evidensbaserte tiltak. Utvalet anbefalar ei rekkje områder innanfor barnevernet det bør forskast meir på. Vi støttar dette, og er einige i at det er viktig at barneverntenesta har høve til å bruke evidensbaserte tiltak.

Utvalet foreslår at alle endringar som skal nyttast i barnevernet blir vurdert og skildra i Ungsinn-databasen. Det er bra at evidensbaserte tiltak vert samla i ein tilgjengeleg database for barnevernet. Kor og korleis dette skal organiserast har Barneombudet ingen meiningar om. Vi meiner at utgangspunktet er at barnevernet bør bruke evidensbaserte tiltak som ein veit gir gode resultat.

Dette må likevel ikkje hindre barnevernet i å gjere individuelle vurderingar overfor det enkelte barnet. Nokre gonger vil det vere til det beste for barnet å setje inn tiltak som ikkje nødvendigvis er evidensbaserte. Dersom barnevernet meiner at ingen av tiltaka som ein finn i databasen vil betre situasjonen for barnet, bør det vere mogleg å kunne setje i verk andre typar tiltak. Argumenta for kva tiltak ein skal setje i verk må naturlegvis grunngjevast og dokumenterast. Vidare må tiltaket evaluerast jamleg, uavhengig av om tiltaket er evidensbasert eller ikkje.

Opplysningsverksemd

Utvalet anbefalar å styrke opplysningsverksemda frå barnevernet til barn og unge. Vi er glade for at utvalet foreslår dette. Dette er noko Barneombudet har vore opptatt av lenge. Vi meiner at barnevernet skal informere barn som gruppe om omsorgssvikt og barneverntenesta generelt, og at dette bør inn i forskriftene.

I tillegg til merknadane til forslaga over, har vi kommentert to tema som vi meiner ikkje er tilstrekkeleg handsama i kapittelet.

Høyring av barn

I punkt 5.3.7. om sakshandsaming ved pålegg om hjelpetiltak skriv utvalet: «...om barnet skal høres i saken, jf. barnevernloven § 6-3, vil avhenge av barnets alder og i hvilken grad den berører ham eller henne.» Vi vil her understreke at det fins særdeles få, kanskje ingen, tilfelle der desse tiltaka ikkje vedrører barnet. Vi er bekymra for at sjølv om det har vore auka fokus på at barn skal høyrast, viser nyare forskning og tilsyn at dette framleis ikkje skjer i tilstrekkeleg grad i barnevernet.¹

¹ Sjå bl.a. masteroppgava av Berit Skauge ved NTNU gjengitt i Adressa 11.april 2011, <http://www.adressa.no/nyheter/deglemtebarna/article1616132.ece> og Helsetilsynet. 2012. Oppsummering av landsomfattende tilsyn i 2011 med kommunalt barnevern – undersøkelse og evaluering.

Barneombodet meiner at barnevernet skal snakke med barna i alle undersøkingssaker. Som hovudregel bør dette skje utan at foreldra er til stades. Tilsette i barnevernet må få kompetanse på dette området der det er nødvendig. Vi meiner vidare at barnevernet må få rutinar i kvalitetssikringssystema sine som sikrar at barnet blir høyrte.

Saker etter barnelova

I mandatet til utvalet står det at dei skal greie ut problemstillingar i skjeringspunktet mellom barnevernlova og barnelova. I kapittel 5 nemner utvalet at det også kan ytast hjelpetiltak overfor den som har rett til samvær, men at dei pålagde hjelpetiltaka eller seinare tvangstiltak berre kan rettast mot barnet sin omsorgsperson. Dette er ikkje vidare drøfta av utvalet. Barneombodet er kjend med at departementet har sendt ut eit høyringsforslag som dreiar seg om tilsyn under samvær. Vi vil likevel nemne at vi saknar at utvalet går nærare inn på dette temaet, fordi temaet er svært viktig når det handlar om saker som ligg i skjeringspunktet mellom barnevernlova og barnelova.

I og med at barnevernet ikkje kan gripe direkte inn overfor samværsheimen, vil det vere opp til bustadsforelderen å gå til sak etter barnevernlova for å få endra eit samvær dersom det er mistanke om at barnet blir utsett for overgrep/omsorgssvikt i samværsheimen.

Det er urovekkande at barnet sin rett til vern mot vald og overgrep, eller andre former for omsorgssvikt, i slike tilfelle er avhengig av ressursane til bustadsforelderen. I verste tilfelle kan barnet oppleve å bli sendt til omsorgssvikt i samværsheimen over tid, heilt til barnevernet må gripe inn – og då overfor bustadsforelderen.

I tillegg til forslaga utvalet nemner, meiner vi at Fylkesnemnda også bør få mandat til å pålegge samværsforeldre hjelpetiltak. Vi viser til Barneombodet sin rapport «Barnets stemme stilner i stormen», der vi utdjupar grunnane for dette.²

Kapittel 6 Omsorgsovertaking

I dette kapitlet har utvalet gjort grundig greie for tersklar for omsorgsovertaking og også illustrert ulike eksempel på kva alvorleg omsorgssvikt kan vere. Utvalet gir ei rekkje anbefalingar om skjønnet i § 4-12 om omsorgsovertaking.

Utvalet føreslår at det vert oppretta ein interaktiv nettportal for tiltak og terskelvurderingar i omsorgsovertakingar. Avgjersla om når barn ikkje lenger kan bu heime er skjønnsbasert, og krev derfor høg kompetanse. Vi er einige med utvalet i at det er viktig at barneverntenestene har tilgjengelege verktøy å bruke i desse vanskelege sakene, og støttar derfor forslaget om å opprette ein nettportal.

Utvalet føreslår også at terskelen for omsorgsovertakingar blir vurdert opp mot tre faktorar:

- Er tilknytings- og relasjonskvaliteten mellom omsorgspersonane og barnet utviklingsstøttande eller ikkje?
- Kva er alvorlegheitsgraden og stabiliteten av omsorgssvikta?
- Er omsorgspersonane sine eigenskapar varige eller forbigåande?

Barneombodet støttar òg at terskelen for omsorgsovertaking skal vurderast opp mot desse tre faktorene, i den forstand at faktorene bør trekkast inn som moment i ei heilskapleg vurdering

² Barneombodet. 2012. *Barnas stemme stilner i stormen*.

av barnet sin situasjon. Vi minner om at det beste for barnet alltid skal være det overordna omsynet i desse spørsmåla.

Vi føreset at dette forpliktar barneverntenestene til å vurdere barnet sin situasjon etter anbefalingane og terskelvurderingane nemnt ovanfor, og overlet til departementet å vurdere korleis dette skal tydeleggjerast.

Bruken av § 4-12 d)

Etter barnevernlova § 4-12 d) kan det fattast vedtak om omsorgsovertaking dersom det er sannsynleg at helsa eller utviklinga til barnet kan bli alvorleg skadd fordi foreldra er ute av stand til å ta tilstrekkeleg ansvar for barnet. Utvalet har føreslått at Fylkesnemnda alltid skal ta stilling til om denne paragrafen kan brukast. Barneombodet støttar dette forslaget.

Vi vil føye til at for liten bruk av § 4-12 d) ikkje berre handlar om at Fylkesnemnda ikkje tar stilling til dette, sjølv om bestemminga er ført som rettsleg grunnlag, men at det også kan dreie seg om at barneverntenestene ikkje fremjar saker etter denne paragrafen. Det kan for eksempel vere saker der søsken har vore utsett for alvorlege overgrep, og ein utset å fremje sak til ein har fått tilstrekkeleg informasjon om korleis omsorgssvikta utartar seg for det neste barnet. I nokre tilfelle vil det naturlegvis vere rett, mens i andre tilfelle er det eit alvorleg brot på barnet sin rett til å bli beskytta.

Rettsvernet til søsken

Vi vil også nemne at Barneombodet gav innspel til utvalet om rettsvernet til søsken i barnevernssaker. Vi anbefalte at når barn vert utsette for overgrep, bør det innførast ein plikt til alltid å kartleggje om det er søsken eller andre barn i familien, og om dei vert usette for overgrep. Vi saknar ei utgreiing om korleis ein betre kan ivareta også desse barna. Vidare gav vi innspel om at når ein forelder mishandlar eit barn til døde, bør det gjerast tydeleg at vilkåra for å fremje sak for Fylkesnemnda om § 4-6 eller § 4-12 d) er til stades.

Det utviklingsstøttande prinsippet

Utvalet føreslår at det vert etablert eit fjerde førande prinsipp for vurdering av vanskelege avgjersler i barnevernssaker: eit utviklingsstøttande tilknytingsprinsipp. Barneombodet deler utvalet sitt syn på at utviklingsstøttande tilknytning er særdeles viktig for barnet.

Frå før av arbeider barnevernet ut i frå tre styrande prinsipp :

- det biologiske prinsippet
- prinsippet om det mildaste inngrepet
- prinsippet om det beste for barnet

Det beste for barnet er overordna dei andre prinsippa dersom dei kjem i konflikt med kvarandre, og det er også det einaste av prinsippa som er nedfelt eksplisitt i barnevernlova.

Barneombodet si erfaring er at det er store variasjonar i korleis prinsippa vert tolka, og korleis barneverntenestene vurderar barnet sitt beste i barnevernssaker. Det er derfor viktig at ein går grundig inn og veg dei ulike prinsippa opp mot kvarandre, og er tydelege på at relasjonar som er skadelege for barnet inneber at prinsippet om å vekse opp i familien sin må fråvikast. Det er også bra at utvalet gjer greie for kva dei meiner med omgrepet utviklingsstøttande tilknytning, i kombinasjon med vurderingar av kva type omsorgssvikt det er snakk om, kor alvorleg den er og eigenskapane til omsorgspersonane. Vi er heilt einige i at det trengst retningsliner som framhevar dette.

Når ein skal vurdere kva som er det beste for barnet, er det nødvendig å sjå på om tilknytninga mellom barnet og foreldra er utviklingsstøttande. Barneombodet sitt syn er at det allereie i dag er slik at den utviklingsstøttande tilknytninga mellom barn og foreldre skal vere eit viktig moment i vurderinga av kva som er det beste for barnet. Vidare meiner vi at prinsippet om det beste for barnet tilseier at dersom tilknytings- og relasjonskvaliteten er til hinder for utviklinga til barnet, må det biologiske prinsippet vike. Men, som nemnt vil det variere korleis barneverntenestene og fylkesnemndene vurderer dette, og korleis dei vektar dei ulike omsyna i ei barnevernssak opp mot kvarandre. Derfor er det behov for å auke merksemda på kor viktig den utviklingsstøttande tilknytninga er. Målet må vere å få dette inn i praksisen til barnevernet.

Etter det vi forstår, er det psykologiske prinsippet om utviklingsstøttande tilknytning godt faglig underbygd med støtte i blant anna forskning. Vi er likevel usikre på om det er rett å gje eit psykologfagleg prinsipp status som overordna rettsleg prinsipp. Barneombudet ber om at det vert gjort ei grundig juridisk utgreiing av dette spørsmålet.

Vi konkluderer derfor med at vi støttar utvalet i at det er behov for større merksemd rundt spørsmålet om tilknytninga mellom barn og foreldre er utviklingsstøttande. Uansett på kva måte ein vel å uttrykke dette i lovgjevinga og/eller i retningslinjer, må målet vere at vurderingane som vert tatt er til det beste for barnet, og at barneverntenestene har kunnskap om kor skadeleg det er for eit barn å vekse opp i ein heim der tilknytninga mellom omsorgspersonane og barnet er hemmande for barnet si utvikling.

Kompetanseheving

Vi vil også framheve at det er svært viktig med kompetanseheving og tilstrekkeleg med ressursar til barnevernet for å oppnå eit større fokus på barnet sitt behov for utviklingsstøttande tilknytning. Barnevernet står overfor særdeles krevjande vurderingar og avgjersler i arbeidet sitt. Barneombudet si erfaring er at utøvinga av skjønn blir gjort på ulikt vis ut frå kva kunnskap og ressursar kvart enkelt barnevernkontor sit på. Vi vil presisere at det er svært viktig at dei tilsette i barnevernet vert sikra jamleg opplæring og rettleiing. Tenesta må også vere sikra ressursar nok til å utføre det arbeidet dei er sett til å gjere. Dette gjeld også talet på tilsette.

Som vi har spelt inn til utvalet tidlegare, meiner vi at det bør utarbeidast forskrifter til barnevernlova § 2-1, 7. ledd som inneheld minimumskrav om årleg opplæring og rettleiing for tilsette i den kommunale barneverntenesta. Satsinga på det kommunale barnevernet må følgjast opp med ein opptrappingsplan med føreseielege rammer og målretta tiltak, og øyremarka midlar.

Kapittel 7 Barnet sin bustad etter plassering utanfor heimen

Barnelova

Utvalet føreslår at det vert vurdert på nytt om Fylkesnemnda skal få kompetanse til å ta avgjersler om dagleg omsorg og/eller foreldreansvar. Utvalet legg til grunn at ei slik avgjersle i tilfelle berre ville vere aktuell i saker der Fylkesnemnda vurderer omsorgsovertaking mot den andre av foreldra til barnet. I kapittel 2 føreslår også utvalet at det vert utgreidd om ei form for «family court»-ordning kan erstatte fylkesnemndordninga vi har i dag. Barneombudet har gjort greie for problemstillingar knytt til begge desse forslaga i rapporten vår «Barnas stemme stilner i stormen».³ Der anbefalar vi blant anna styresmaktene til å greie

³ Barneombudet. 2012. *Barnas stemme stilner i stormen*.

ut forholdet mellom barnevernlova og barnelova for å vurdere om desse sakene skal kunne behandlast samtidig av same instans. Barneombodet støttar derfor utvalet sine anbefalingar.

Fosterheim

Vidare anbefalar utvalet å opprette ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å vurdere ein fosterheimsgaranti med forskrifter med mål om å redusere ustabilitet i fosterheimsplasseringane. Barneombodet har lenge vore opptatt av at barn ikkje skal utsetjast for unødig flyttingar frå heim til heim, og støttar derfor forslaget. Utvalet føreslår også at Statens helsetilsyn ved Fylkesmannen overtar tilsynet med fosterheimane. Barneombodet støttar dette forslaget.

Vi vil påpeike at dette krev at ein set inn ytterlegare ressursar til fylkesmennene. Det er også viktig at barn sin tilgang til fylkesmennene vert betra. Vi meiner at alle barn i barnevernet må få betre informasjon om klagemulegheitene sine i barnevernet. Fylkesmennene bør også få fleire sanksjonsmulegheiter og vidare fullmakter til å gripe inn i enkeltsaker der regelverket blir brote. Dei bør følgje opp eigne tilsyn meir aktivt.

Tolk

Utvalet anbefalar at det vert gjort ei utgreiing på om ein bør opprette ei tolketeneste for barn i barnevernssaker. Vi vil understreke kor viktig det er at barn i barnevernet får tilstrekkeleg informasjon for å kunne medverke i si eiga sak. Utilstrekkelege tolketenester rammar barn både ved at barn vert brukte som tolk, og ved at tolketenestene i saker der barn er involvert ikkje er gode nok. Barneombodet støttar derfor utvalet i at ein må betre tolketenestene for barn.

Vi har fleire gonger foreslått ei sentralisering av tolketenestene i Norge ved hjelp av nasjonale IT-løysingar, ved at det nasjonale tolkeregisteret også blir eit bestillingsregister med mulegheit for skjermtolking.

Barneombodet anbefalar også ei lovfesting av eit forbod mot å bruke barn som tolk i offentleg sektor.

Minoritetsbarn

Utvalet anbefalar at det vert forska meir på minoritetsbarn i barnevernet med sikte på kvalitetsutvikling og kompetanseheving for sektoren som heilskap. Barneombodet meiner dette er eit svært viktig forslag, og vi støttar utvalet i at det er nødvendig med meir forskning på dette.

Vi vil likevel understreke at ein allereie i dag veit mykje om behovet for styrking av barnevernet sin innsats for å nå fram til – og skape tillit i – etniske minoritetsfamiliar.⁴ Ny forskning må derfor ikkje føre til at ein ventar med å auke kompetansen i barnevernet på fleirkulturelle problemstillingar, inntil resultatata frå forskinga er komen.

Kapittel 8 Samvær etter omsorgsovertaking

Utvalet anbefalar at det i barnevernlova § 4-19 vert innført ein materiell skranke for å fremje endringssaker om samvær etter mønster av barnevernlova § 4-21, andre ledd, andre punktum.

⁴ Sjå Barneombodet sitt innspel til utvalet, vedlegg 3 i NOU 2012:5 Bedre beskyttelse av barns utvikling

Når endringssaker om samvær er behandla ein gong, foreslår utvalet at ei ny behandling berre kan krevjast der det kan dokumenterast at det føreligg endringar i dei faktiske forholda som er så store at det kan påverke samværsspørsmålet. Barneombodet støttar forslaget.

Utvalet anbefalar at eit rundskriv vert utarbeidd som understrekar at føremålet med samvær er at det må vere utviklingsfremjande for barnet.

Barneombodet er einig i at det bør utarbeidast eit rundskriv som beskriver kva ein skal ta omsyn til i ei vurdering av omfanget av samvær. Vi meiner likevel at det hadde vore betre om ein hadde brukt ei formulering om at føremålet med samværet er at det må vere til det beste for barnet. Omgrepet «det beste for barnet» rommar etter vår meining meir enn at samværet er utviklingsfremjande for barnet. Det beste for barnet skal også vere det førande prinsippet i alle barnevernssaker, og kan derfor betre foreinast med ordlyden i barnevernlova og praktiseringa av denne.

Kapittel 9 Tilbakeføring

Utvalet anbefalar at det bør vere obligatorisk for Fylkesnemnda å vurdere § 4-21, første ledd, andre punktum (barnet si tilknytning til menneske og miljø der det er) i alle tilbakeføringssaker som vert behandla av Fylkesnemnda når det er gått meir enn to år etter at barnet vart plassert i den aktuelle fosterheimen, uavhengig av om det opphavlege plasseringsgrunnlaget er frivillig plassering etter § 4-4, femte ledd eller omsorgsvedtak etter § 4-12.

Barneombodet meiner at slik som ordlyden i § 4-21 om tilbakeføring er i dag, så skal det i *ei kvar* sak om tilbakeføring vurderast kva tilknytning barnet har til menneske og miljø der det er, uavhengig av kor lenge plasseringa varar. Utvalet skriv at forskning tyder på at dette likevel ikkje blir gjort.

Barneombodet støttar utvalet i at det er nødvendig å sikre at tilknytingskriteriet blir vurdert i alle saker. Ut frå det utvalet gjer greie for, trur vi at det er praktiseringa av § 4-21, første ledd, andre punktum som er problemet, snarare enn sjølve ordlyden i paragrafen om tilbakeføring og tilknytning.

Sett i lys av dette er vi noko usikre på om innføring av ei toårsfrist vil fremme barna sine interesser. Ved å opprette ein toårsfrist er vi redde for at det kan tolkast slik at tilknytingskriteriet ikkje trengst vurderast i dei sakene der barn har budd kortare enn to år utanfor heimen. Dette kan få konsekvensar for eksempelvis barn som har stor tilknytning til fosterforeldra utan at plasseringa har vart i meir enn to år, jmf. Bvl § 4-8, 3. ledd.

På den andre sida ønskjer vi å presisere at sjølv om eit barn har vore plassert i fosterheim i to år eller meir vil ikkje dette automatisk føre til at barnet får ei primær tilknytning til fosterheimen. Det er med andre ord ikkje nødvendigvis slik at det er hemmande for barnet si utvikling å bli tilbakeført til dei opphavlege foreldra sine sjølv om barnet har vore plassert i fosterheim over tid. Det er i slike saker særskild viktig at barnet sitt beste vert grundig utgreia, at barnet får oppfylt retten til å bli høyrtd, og at dette vert lagt vekt på i avgjerda. Det er også viktig at fagfolka og dei som tar avgjerslene rundt barnet har både kompetanse og ressursar til ei slik utgreiing.

Til slutt vil vi legge til at det er viktig å unngå langvarige frivillige plasseringar i størst muleg grad. Erfaringsmessig ser vi at fleire langvarige frivillige plasseringar burde vore fremja for Fylkesnemnda som omsorgsovertakingar etter § 4-12. Dersom ein vurderer det slik at eit

barn ikkje kan bu heime hos foreldra sine, og plasseringa skal vere langvarig, bør barneverntenestene alltid vurdere om det er grunnlag for å fremje ei sak for Fylkesnemnda.

Kapittel 10 Adopsjon som barneverntiltak

Utvalet tilrår at adopsjons skal vurderast i tilfelle der barn er tidleg og varig plassert. For spedbarn frå null til 18 månader skal ein ta stilling til adopsjon ikkje seinare enn eitt år etter plasseringa, og for barn mellom 18 månader og fire år, seinast etter to år. Utvalet føreslår at det vert greidd ut kva mulegheiter som finst for at barnevernet kan tilby den hjelpa fosterforeldra meiner dei treng etter adopsjon, og at det vert forska meir på praksisen med adopsjon. Barneombodet støtter begge desse forslaga.

Bakgrunnen for at vi støttar utvalet er at barn sin rett til utvikling blir sett på ei alvorleg prøve når dei, av ulike årsaker, blir utan tilstrekkeleg forsvarleg omsorg. Adopsjon vil i mange tilfelle vere eit godt tiltak for å sikre at barn får oppfylt den grunnleggjande retten dei har til omsorg. Dette under føresetnad om at det er gjort ei «beste for barnet»-vurdering i samband med adopsjonen. Barnekonvensjonen (BK) artikkel 21 framhevar at i adopsjonsspørsmål skal kva som er det beste for barnet vere overordna andre omsyn, ikkje berre «eit grunnleggjande omsyn», slik som etter artikkel 3 i konvensjonen.

Adopsjon er eit lite brukt, men i nokre samanhengar viktig tiltak for å skape større tryggleik og stabilitet for eit barn som er plassert i fosterheim etter ei omsorgsovertaking. Adopsjonen gjeld også ut over fylte 18 år, og vil derfor kunne føre til større stabilitet enn det for eksempel ein vanleg fosterheim kan gje.

Så små barn som utvalet skriv om har behov for eit spesielt vern, dels fordi dei er særleg sårbare for omsorgssvikt og dels fordi dei er avhengige av at andre verjar dei og fremjar deira interesser. I så måte er det positivt at barna er små når dei blir adopterte. Men dette medfører at det må stillast særskilde krav til lovgjevinga, for å kunne bidra til at små barn sine rettar blir realiserte.

Adopsjon er inngripande, fordi det kan ha store konsekvensar for barna og familieane som er involverte. Tiltaket er irreversibelt, og fører til at dei biologiske foreldra mistar alle sine rettslege forplikningar og rettar overfor barnet. For at ein adopsjon skal skje er det derfor vilkår i barnevernlova om at omsorgsovertakinga vil vere varig, og at adoptivskjarane må ha vore fosterforeldre for barnet og vist seg skikka til å oppdra det som sitt eige. Vidare må adopsjonen vere til det beste for barnet. Vi er einige med utvalet i at desse vilkåra ikkje bør endrast på.

Vi vil også gjere lovgjevarane merksame på at det er viktig å utforme utvalet sitt forslag på ein slik måte at det ikkje skapar rom for misforståingar ute i barneverntenestene om at dette betyr at terskelen for omsorgsovertaking vert heva. Det kan for eksempel skje dersom barneverntenesta opplever at terskelen for omsorgsovertaking må vere tilnærma lik terskelen for adopsjon. Som nemnt føreslår utvalet at det etter ei tid skal *takast stilling til* adopsjon for alle små barn som vert plassert utanfor heimen. Det inneber naturlegvis at det framleis vil vere ei rekkje saker der omsorgsovertaking er betre for barnet enn adopsjon. Målet må vere at ein alltid tar bevisst stilling til om adopsjon er til det beste for barnet eller ikkje.

Dersom forslaga til utvalet blir tatt til følgje, vil vi anbefale at ein også greier ut på kva måte vurderingane om adopsjon skal dokumenterast.

Etter Barneombodet sitt syn kan utvalet sine føringar og tilrådingar også føre til at eldre barn oftare blir adoptert. Barn har rett til å bli høyrde i spørsmål om adopsjon. Etter at barnet har blitt sju år kjem utfordringa inn for fullt når det gjeld å sikre barnet sin rett til medbestemming i spørsmål som angår det. (Jf BK, artikkel 12). Adopsjon angår i høgste grad barnet, og det er spesielt viktig at dei reglane som vert utforma fremjar ein praksis som sikrar at barn blir høyrde. Her er det også viktig at barn blir møtt på ein slik måte at dei tør målberne synspunkta sine, og sjølvstøtt at synspunkta deira blir tilstrekkeleg vektlagde.

Varige fosterheimsplasseringar

Utvalet føreslår at styresmaktene undersøker erfaringane frå Sverige og Island når det gjeld permanente fosterheimsplasseringar. Barneombodet støttar utvalet i dette.

Barneombodet gav innspel til utvalet⁵ om at det bør vurderast å innføre ei bestemming i barnevernlova om varig omsorgsplassering (permanente fosterheimsplasseringar), og ein plikt til å vurdere dette etter at barnet har budd i same fosterheim i tre år. Når tilbakeføring av barnet ikkje kjem til å bli muleg i framtida, kan det vere ei unødvendig belastning for barnet at plasseringa ikkje kan gjerast varig (utan ved adopsjon). I Sverige er det muleg med varige plasseringar, såkalla «vårdnadsöverflyttingar». Det er ei plikt å vurdere ei slik plassering etter at barnet har budd i same fosterheim i tre år.⁶ Dette er eit mindre inngripande tiltak enn adopsjon, men likevel eit tiltak som vil skape ein stabil omsorgssituasjon for barnet.

Kapittel 11 Vern av ufødde barn frå gravide mødrer som har ein skadeleg livsførsel

Utvalet tilrår at beviskravet i den tidlegare sosialtenestelova § 6-2 a, no § 10-3 i helse- og omsorgslova blir revurdert i tilfelle der det er vurdert som sannsynleg at mor sitt rusmisbruk vil føre til alvorleg skade på barnet. Utvalet føreslår også at helse- og sosialtenesta i lov bør påleggast eit ansvar for å varsle barneverntenesta om gravide mødrer som har ein livsførsel som kan skade det ufødde barnet. Vidare føreslår utvalet å greie ut om fleire effektive tiltak kan implementerast for å redusere bruken av rusmidlar hos gravide, og i kva grad internasjonale konvensjonar avgrensar lovgjevaren sin mulegheit til å verne det ufødde barnet mot skadar under svangerskapet. Til slutt føreslår utvalet at eit arbeid vert sett i gang med å sikre eit betre vern av ufødde barn mot vald, overgrep, smitte og anna skade som kan forhindrast gjennom rettsvern og betre hjelp frå dei offentlege etatane. Barneombodet støttar alle forslaga.

Kapittel 12. Oppfølging av foreldre som har barn plassert utanfor heimen

Utvalet føreslår at familievernkontora får ansvar for foreldreomsorg, støtte og oppfølging til foreldre etter at barnet har blitt plassert utanfor heimen. Dette er i tråd med innspelet vi ga til utvalet om betre oppfølging av opphavlege foreldre. Utvalet føreslår også at det bør lovfestast at kommunane skal tilby ein støtteperson/eit støttesenter til den forelderen eller dei foreldra som har del i foreldreansvaret i forbindelse med at barnet vert plassert utanfor heimen. Barneombodet støttar begge forslaga.

⁵ Sjå Barneombodet sitt innspel til utvalet, vedlegg 3 i NOU 2012:5 Bedre beskyttelse av barns utvikling

⁶ Bendiksen, Lena R.L. 2007. Fratakelse av foreldreansvar og adopsjon som barnevernstiltak. En rettsvitenskapelig analyse. Universitetet i Tromsø. Det juridiske fakultet.

Kapittel 13. Rettigheitsfesting av barnevernlova

Utvalet føreslår å rettigheitsfeste barnevernlova. Barneombodet har lenge arbeida for at barnevernlova skal bli ei rettigheitslov, og dette var også eit av innspela vi ga til utvalet. Ei rettigheitsfesting av barnevernlova vil styrke barn sin rettstryggleik i barnevernet betrakteleg. Barneombodet støttar forslaget.

Kapittel 15 Økonomiske og administrative konsekvensar av utvalet sine tilrådingar

I dette kapitlet ser utvalet på kva økonomiske og administrative kostnader forslaga i utgreiinga vil få. Det ser ut til at utvalet har tatt høgde for at mange av forslaga vil føre til auka kostnader. Vi vil trekke fram to forslag som utvalet meiner ikkje vil vere kostnadskrevjande, men som vi undrar oss over at ikkje vil føre til auka utgifter. Det gjeld forslaget om å styrke tolketenesta og forslaget om å bruke helsetilsynet/fylkesmennene som tilsynsinstans for fosterheimane.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Ane Gjerde
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har ingen underskrift. 13.09.12